

Nynorskapp

Brukarar av Apple sine iPhone-telefonar og iPad-lesebrett kan no for første gong laste ned ein nynorsk applikasjon, eller app som ordet gjerne blir forkorta til.

Boka som kan overførast digitalt frå App Store for 17 kroner, *Sommaren med Gommo*, er ei barnebok om kontakt på tvers av genera-

sjonar slik barn kan oppleve det. Forfattar og illustratør er **Åshild Lappegard** frå Ål i Hallingdal. Ho var 19 år då ho laga boka, der ho skildrar i ord og teikningar korleis ho og venninnene hugsar attende til sommarveker på stølen saman med bestemora, Gommo som det heiter i Hallingdal.

Kronikk

Usynleg, men vesentleg

Det har aldri vore trykt meir bøker og avisartiklar på nynorsk. Problemet er at dei som skal lære nynorsk, ikkje les så mykje bøker og aviser?

I denne kronikken presenterer Hjalmar Eiksund hovudresultata i ei ny granskning av lese- og skrivinganar blant tiandeklassingar.

Norsk blir rekna som eit språk. Nynorsk og bokmål er likevel så ulike at dei kan reknast som to ulike skriftspråk, men til forskjell frå mange andre nærskylde språk representerer dei to norske målformene ikkje nokon separate etniske minoritetar eller avgrensede geografiske regionar. Val av målform i eit område kjem ofte som eit resultat av politikk og samfunnsklasse, kultur og motkultur. Nynorsk skil seg derfor frå dei mange andre mindretalsspråka, sidan det i hovudsak er eit skriftleg og ikkje eit munnleg mindretalsspråk.

Ambisiøst

Nynorsk har eit sterkt juridisk vern, og er i tillegg godt representert i læreplanen for grunnsopplæringa. Allereie før fjerde trinn skal norske elevar vere gjort kjende med eit utval av songar, dikt og eventyr på både nynorsk og bokmål. Etter sjuande skal alle ha utforska eiga skriving på begge målformene, og etter tiande årstrinn skal alle elevar meiste både nynorsk og bokmål skriftleg. Det er verdt å merke seg at dei to målformene alltid er refererte til som par, medan dei innarbeidde omgrepa hovudmål og sidemål ikkje er nemnde i kompetansemåla for norsk, noko som tyder på like kompetansekrav i dei to målformene.

Læreplanen er med andre ord ambisiøs. Etter ti år i skulen skal elevane vere kompetente i fleire måtar å skriftfeste språket sitt på. Ifølgje framståande språkforskarar er dette bra for språkførståinga. Norske elevar forstår dei skandinaviske naboSpråka betre enn svenske og danske elevar og «skulda» for dette får mellom anna den unike tospråkkompetansen. Men alt er ikkje like bra. Ifølgje fleire internasjonale undersøkingar er norske femtenåringar mindre positive til leseaktivitetar enn andre elevar. I tillegg tyder mykje på at elevar med nynorsk som opplæringsmål er noko svakare i norsk enn dei med bokmål som opplæringsmål. Mange har forsøkt å tilbakevise dette, mellom anna med å peike på systematiske feil i bakgrunns materialet. Likevel heng tala ved og blir mellom anna refererte til i stortingsmelding 23 (2007–2008) om språket vårt. I tillegg sluttar mange å bruke ny-

norsk etter grunnskulen, eller når dei tek til på høgare utdanning og gjennom jobben. Fleire undersøkingar stadfestar desse tendensane som gjerne blir omtalt som den nynorske lekkasjen.

Normeringsagentar

Eit særtekk ved både bokmål og nynorsk er den store variasjonen av skrivemåtar som er godkjende som korrekt rettskriving. Dette er ein realitet, sjølv etter dei siste innstrammingane frå rettskrivingsnemndene. Det er ei utfordring å ha full oversikt over kva som er rett og gale, og nye granskningar understrekar at fleirtalet er forvirra over valfridomen. Mange aviser og forlag har derfor egne husnormer og rettskrivingsstandardar med eit strammare utval rettskrivingsreglar, og desse normene har stor påverknad på kva som blir oppfatta som korrekt norsk av folk flest. Ifølgje gjeldande teoriar er dermed aviser og forlag vesentlege premissleverandørar til rettskrivinga og blir omtalte som dei viktigaste normagentane til moderne norsk. Dette verkar naturleg, sidan dei står for majoriteten av all trykt tekst på norsk.

I eit slikt lys står nynorsk sterkt: Det er aldri før blitt skrivi og publisert så mykje nynorsk tekst i aviser og bøker som no. Fleire verksemdar køyrer i dag nasjonale reklamekampanjar på nynorsk, noko som var uaktuelt berre få år tilbake. I tillegg kjem den velkjende nynorskprosenten i NRK, utdanningsinstitusjonar og kulturelle institusjonar med nynorsk arbeidsspråk, og lova om språkbruk i staten. Nynorsk er godt synleg, i alle fall for den som ser etter.

Men sjølv om ein tekst er publisert, er det ikkje sikkert han blir lesen, og spesielt ikkje av tiandeklassingar. Elevar les mykje, truleg meir enn før. Men ein forsvinnande liten del av teksten er henta frå aviser og bøker. Nesten tre fjerdedelar av tida elevane bruker på lesing skjer framfor ein PC- eller TV-skjerm. Den typiske «tekstforfattaren» er i tillegg andre ungdommar, som gjennom chatte-sider, e-postar og sosiale medium dominerer skriftkvardagen til jamaldringane sine. Det er derfor lett å argumentere for at normagentane for tiandeklassingen vel så ofte er andre tenåringar, og ikkje forlag og aviser og åleine.

Nynorsk mangel

Tekstane elevane skriv til kvarandre, er sjeldan på nynorsk. Den einaste «nynorskkanalen» av ein viss storleik er leksearbeid. Mengda nynorsk varierer derfor med kva som er opplæringspråket i skulen. Det er nesten berre nynorskelevane – elevar med nynorsk som hovudmål – som les nynorske lekser, for bokmåselevane er det så godt som usynleg. Nynorsk er derfor nesten å rekne som eit reint skulespråk, ikkje berre for bokmåselevane, men òg for nynorskelevane.

Den enklaste måten å lære eit skriftspråk på er gjennom aktiv bruk, men elevane manglar gode nynorske tekstar i

kvardagen som kan verke som språklege førebilete. Sjølv om læreplanen krev lik kompetanse i nynorsk og bokmål, er det vanskelegare å lære nynorsk enn bokmål, rett og slett fordi tilgangen til nynorsk tekst er mindre. Trass i fagre ord om jamstilling er kompetansen i dei to målformene ulike.

Dialektskrivarar

Korleis påverkar dette fritidsskrivinga til tiandeklassingen? For bokmåselevane er svara som forventet. Dei vel å skrive på bokmål når dei skriv til vaksne, men vel ikkje så ofte slang eller dialekt når dei skriv til andre ungdommar. Det interessante er svara frå nynorskelevane. Nesten ingen av dei skriv nynorsk. Ein stor majoritet skriv eine og åleine på dialekt og aldri bokmål eller nynorsk, og vel dei å skrive normert, blir det nesten like ofte på bokmål som på nynorsk.

«Å skrive dialekt» er eit upresist omgrep. Det er ikkje snakk om eit fonetisk korrekt atgjeving av dialekten, meir at skrivarane krydrar teksten sin med ulike markørord som ligg nær opp til munnleg tale. Trass i at det ikkje er ei autorisert skriftleg utgåve av dialekten elevane nyttar, er det overraskande stor semje om korleis dialekten skal skrivast. Denne semja er òg med på å definere kven som er innanfor og utanfor den sosiale gruppa dialektområdet femner om.

Språklege domene

Vanlegvis blir termen «diglossi» brukt til å skildre eit språkdelt samfunn der medlemmane skiftar språklege kode i ulike kulturelle samanhengar. Ifølgje ein streng definisjon av omgrepet omhandlar diglossi berre talt språk, men for mange er det å skrive på Internett likeverdig med det å snakke. Det kan derfor gi meining å bruke omgrepet på skriftspråk òg. Elevane med nynorsk som opplæringspråk vekslar språk eller kode når dei skriv, avhengig av kven dei skriv til.

Det ser ut til å det vere ei felles forståing for at bokmål, nynorsk og dialekt representerer ulike tekstlege domene: Nynorsk er akseptert som eit regionalt språk for vaksne nynorskbrukarar, eller som ein elev seier det: «Nynorsk er berre brukt av gammalt folk over 25 år.» Bokmål ser ut til å vere akseptert som det eigentleg nasjonale språket. Til og med elevar med eit medvite forhold til eiga målform argumenterer med at nynorsk er upassande i nettsamtaler med ukjende, eller når ein skriv til offentlege institusjonar:

«Eg skriv alltid på nynorsk, men på ulike nettsider, som til domes Lånekassa, skriv eg på bokmål. (...) Bokmål er kanskje enklare å forstå for dei som skal lese søknaden. Eg vil unngå trøbbel. Det er enklare å bli forstått dersom eg bruker bokmål. Dessverre så er det slik»

«Oskar»

Oskar påstår dette, sjølv om norsk lov pålegg nasjonale institusjonar å svare



med same målform som søknaden er skriven på. Oskar hevdar å vite at bokmål er målforma som høver best når ein skriv søknader. Anten veit han ikkje betre, eller så meiner han at nynorsk er ueigna og lett å misforstå. Utsegna er endå meir interessant når ein veit at det lokale kontoret til Lånekassa ligg i eit typisk nynorskområde mindre enn ti kilometer unna.

Identitetspråket

Skriftleggjord dialekt er allment akseptert som identitetspråket. På sosiale nettsider er det viktig å bruke ulike identitetsmarkørar for å understreke den virtuelle profilen. I tillegg til profilbiletet og lister over arbeid, ulike aktivitetar og interesser, viser skriftspråket korleis eigaren av profilen ønskjer å bli oppfatta. Teksten er både spontan og flyktig og har meir til

Det å gjere om bøker til data-applikasjonar er ein ny måte å formidle litteratur på, eller fleire måtar samtidig. Den som bruker appen, får tekst, tale og illustrasjonar på ein gong på skjerm og høgtalar. Ein applikasjon er eit lite dataprogram.

Webutviklar **Espen Tokerud** og **Kari Randen** har laga løysinga for Boksmia, og **Astrid Randen** les. Det er det vesle forlaget Boksmia, som held til på ein geitegard 850 meter over havet i Hallingdal og kallar seg Nord-Europas høgastliggjande

forlag, som er først ute med nynorsk-applikasjonar.

– Eg synest det er spesielt artig at det første nynorsktilbodet i det nye mediet er primært for barn og knytter band til historie, seier forleggjar **Olav Randen**.



Rein og kvitrekorne

“ Nynorsk er berre brukt av gammalt folk over 25 år.

Skuleelev



AGENT: Margunn Søyland Nesbakken prøver seg med salstriks i bokhandelen på Fagernes for å få selt inn den nyoppdaga barneboka etter Knut Hauge, *Lasse frå Lærdal*. Foto: Bjørn Karstrud

Nyoppdaga bok frå Knut Hauge

31. mai ville Knut Hauge ha fylt 100 år. I det høvet gjev Kvitvella Forlag ut ei nyoppdaga barnebok.

Lasse frå Lærdal er basert på eit nyoppdaga manus som tidlegare ikkje er gjeve ut som bok. Hauge skreiv boka i 1978. Sjølv karakteriserte han boka som ein eventyrroman for barn i alle aldrar. Boka handlar om bussjåføren Lasse frå Lærdal, han som skjønna fuglefløyt og dyreskrik og var ven med alle som går på fire, og med dei som flyg i lufta. I tillegg til eventyret om Lasse og dei ulike dyra gir boka oss ein interessant tidskoloritt frå 60- og 70-åra.

Knut Hauge var frå Lomen i Vestre Slidre i Valdres. Saman med Olav Duun, Tarjei Vesaas, Alfred Hauge og Johannes Heggeland representerer han ifølgje Ottar Grepstad ein av dei fem store prosaforfatterskapane i den nynorske bokheimen i det 20. hundreåret. Hauge gav ut rundt 30 bøker. Mest kjend er han for åttebandsserien *Sagaen om Ulfsetta*, som kom ut i perioden 1965–1980. I 1977 kom boka *Ein roman om kjærleiken og om døden*, utgjeven gjennom Bokklubben i eit samla opplag på 120.000.

Knut Hauge har frå før gjeve ut berre ei barnebok, *Pekka, elva og eventyret* (1962). Forfattern Olav Gullik Bø har i samband med 100-årsjubileet skrive eit skodespel basert på denne boka. Skodespelet, som også er gjeve ut av Kvitvella Forlag, har tittelen *Pekka*. Det er råd å laste ned *Pekka, elva og eventyret* gratis på heimesidene til Valdres Mållag.

Kvitvella forlag er forlaget til Nord-Aurdal Mållag. Familien etter Knut Hauge har velvillig sagt frå seg royalté frå salet, og overskotet vil bli fordelt mellom Vestre Slidre Mållag, Valdres Mållag og nynorskprosjektet Målstreken. Boka blir marknadsført gjennom ulike salskanalar og gjennom nettsida www.nm.no/lag/nord-aurdal.

(Pressemelding)

Logg inn på samisk

Regjeringa har no gjort innlogging til offentlege tenester tilgjengeleg på nordsamisk.

– I dag blir MinID brukt som innlogging av nær 2,5 millionar menneske. For at samisk skal vere eit levande språk, må det også vere ein del av den digitale kvardagen. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har no gjort innlogging med elektronisk ID til offentlege tenester tilgjengeleg på nordsamisk, seier fornyings-, administrasjons- og kyrkjeminister Rigmor Aasrud.

Nordsamisk som språkval er tilgjengeleg i den siste versjonen av ID-porten, fellesløyninga som gir sikker innlogging til det offentlege. Ein versjon dei fleste offentlege verksemdar skal ta i bruk første halvår i år.

Unesco har klassifisert dei tre samiske språka som trua. Nordsamisk er det største av dei tre. (NPK)



TRI-GLOSSI: Nynorskelevane vekslar mellom tre ulike skriftlege kodar, ein nasjonal, ein regional og ein identitetskode, og opplever dermed ein slags «tri-glossi»-situasjon, og er – kanskje umedvite – fleirspråklege, skriv kronikkforfattaren.

Foto: stock.xchng

felles med tale enn tradisjonell tekst. For nynorskelevane indikerer det nynorske skriftspråket eit sett med identitetsmarkørar som blir assosierte med vaksenverda og gjerne rurale profesjonar. Dette frir dei seg frå når dei skriv på dialekt. For nynorskelevane representerer den skriftleggjorde dialekten identitetspråket.

Fleirspråklege – i eitt språk

Nynorskelevane vekslar derfor mellom tre ulike skriftlege kodar, ein nasjonal, ein regional og ein identitetskode, og opplever dermed ein slags «tri-glossi»-situasjon, og er – kanskje umedvite – fleirspråklege. I ei globalisert verd er dette ønskt situasjon. I den førebelse OECD-rapporten Language

Education Policy Profiles frå 2003 blir det jamvel omtalt som ein ressurs: «The Norwegian education system is linguistically rich and includes pupils who, either through schooling or by other means, have significant experience of the diversity of languages and varieties of languages (...)»

Forskarar og fagfolk hevdar til liks med læreplanen at kompetanse i dei to norske målformene er ein fordel. Den offisielle oppfattinga er at bokmål og nynorsk er likestilte. Likevel er det skilnad mellom læreplanmåla og den daglege bruken av nynorsk blant norske femtenåringar. For elevar er ikkje fordelene ved å vere fleirspråklege gitt og blir slik eit lett bytte for dei som argumenterer for å gjere

tospråkskompetansen valfri. Dei ser kanskje på nynorsk som vakkert og historisk viktig, men ser ikkje eigennytten i å lære det. For dei er nynorsk så å seie usynleg og dermed uvesentleg. Dette er ei alvorleg utfordring. Ein synleg nynorsk er truleg viktigare som motivasjon for skuletøyte sekstenåringar med stemmerett enn eventuelle nye rettskrivingsreglar.

HJALMAR EIKSUND

♦ Hjalmar Eiksund arbeider til dagleg ved Nasjonalt senter for nynorski opplæringa (Nynorskcenteret) ved Høgskulen i Volda. Han har skrive «Med nynorsk på leselista: ein komparativ studie av lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag». (2011) Masteroppgåve i Nynorsk skriftkultur / Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet nr. 27.